

---

**Saksnr:** 2020/36722-12  
**Saksbehandlar:** Tor Harald Rødseth

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.09.2020
Fylkesutvalet		29.10.2020

## Søknad nr 2 frå Hop On AS om ruteløyve for Bergen sentrum

Forslag til innstilling

Søknad av 04.03.20 frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum, vert ikkje imøtekomen.

Samandrag

Hop On har for andre gong i løpet av eit år søkt om ruteløyve for «sightseeingbussrute» i Bergen sentrum. Ei søknad som fylkesutvalet avslo. Denne søknaden er ei justering av den første, i form av ei traséendring. Etter fylkesrådmannen si vurdering er denne ikkje av ein slik karakter at vedtaket i denne saka bør vere annleis enn vedtaket i den første. Bergen kommune står opp under denne konklusjonen i si fråsegn i saka. Fylkesrådmannen rår difor til at også denne søknaden frå Hop On vert avslått.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hop On AS, org.nr 923 364 242 («Hop On») har i brev av 04.03.20 søkt om løyve for «sightseeingbussrute» i Bergen sentrum.

I søknaden heiter det m.a følgjande:

[...]

Søknaden gjelder drift av sightseeingbusser for audioguidet omvisning i Bergen i fast rute med faste stopp for av- og påstigning.

Markeds- og behovsgrunnlaget er vesentlig for en stadig økende innkommende turisme til Bergen i form av cruise-passasjerer og andre tilreisende med overnatting. Sightseeingtjenesten er også beregnet på de mange dagsbesøkende fra de mange hoteller i Bergen. Ifølge Bergen Havn er det forventet over 600.000 cruisegjester til Bergen i 2020 og ifølge SSB har Bergen et jevnt økende antall gjestedøgn på overnattingsbedriftene.

«Hop on – hop off» er et internasjonalt konsept for sightseeingtjenester som tilbys globalt. Tjenesten bygger på at man kan hoppe på og av bussen som man ønsker, innenfor et tidsintervall. Kunden kjøper en dagsbillett og kan benytte tjenesten hele dagen, og disponerer dermed tiden etter eget ønske under sitt besøk i Bergen.

[...]

Driftsperiode det søkes for er sesongbetont med kjernedrift 1. april til 15. september. Daglig driftstid vil være ca. kl. 09.00 til ca. kl 17.00  
Ruten vil bli kjørt med 30 minutters intervaller.  
Ved større arrangement og cruiseanløp til Bergen utenfor kjerneperioden og klokkeid, kjøres ruten med annonsert drift under operatørens egne websider [m.m.].

[...]

Traséen som Hop On ønsker ruteløyve for er Bontelabo – Sandbrogaten – Nye Sandviksveien – Fløifjellstunnelen – Lars Hilles gt – Vaskerelven – Nøstet – Jekteviken – Nygårdshøyden – Strømgaten – Lars Hilles gt – Christies gt – Småstrandgaten – Strandkaaien – Strandgaten – Torgallmenningen – Torget – Kong Oscars gt – Strømgaten – Lars Hilles gt – Fjøsangerveien – Fløifjellstunnelen – Sandviksveien – Bontelabo.

Forslag til takstar for 2020 er kr 350 for dagsbillett for vaksne og kr 175 for barn.

Vedtakskompetanse

I følgje yrkestransportlova § 13 (2) jf § 6 (1) er fylkeskommunen løyvestyresmakt. I følgje Reglement for delegering etter særlov, pkt 30, har fylkesutvalet mynde til, etter innstilling frå HU for mobilitet og kollektivtransport, å tildele ruteløyve.

Vurderingar og verknader

**Økonomi: Ikkje relevant.**

**Klima: Ikkje relevant.**

**Folkehelse: Ikkje relevant.**

**Regional planstrategi: Ikkje relevant**

Osbuss AS og Strømme Norge AS har i dag ruteløyve for ei strekning som er nesten lik.

Hop On AS søkte i 2019, etter at fylkesutvalet hadde vedteke å tildele ruteløyva til Osbuss og Strømme Norge, om ruteløyve som skulle vere endå likare ruteløyva til Osbuss og Strømme Norge

enn den søknaden som vert handsama i denne saka. I møte 26.03.20 gjorde fylkesutvalet følgjande vedtak i førstnemnde sak:

Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum vert ikkje imøtekomen.

I fylkesutvalet si grunngjeving for vedtaket, fylkesrådmannen sitt saksframlegg, heiter det m.a følgjande:

Det har i fleire år vore to selskap som har løyve i drift for sightseeingbussrute i Bergen sentrum: [...]. Det er altså etablert konkurranse i marknaden. [...]. Osbuss nyttar minibussar i drifta si. Strømme Norge nyttar dobbeltdekkjarar. Det er registrert mykje ledig kapasitet i dei sistnemnde.

[...]

Veksten i talet på «turistbussar» og bussar i «sightseeingbussruter» har ført til at det i perioden mai – september er mangel på ledig haldeplasskapasitet i Bergen sentrum. Dette har ført til at det i sommarmånadene er redusert framkomst for Skyss sine bussar, og at føresetnadene for at Skyss sine bussar er punktlege i Bergen sentrum er svekka.

Bergen kommune vendte seg i fleire år på rad til dåverande Hordaland fylkeskommune, med oppmoding om ei sterkare regulering av «sightseeingbussrutene». Det blei også motteke klagar frå innbyggjarar på Nordnes over luft- og lydutslepp frå bussane.

Fylkesrådmannen legg samstundes med denne saka fram søknad også frå Boreal AS om ruteløyve som nemnd. Av omsyn til m.a prinsippet om likskap om forvaltninga, rår fylkesrådmannen i denne saka til at søknaden frå Boreal ikkje vert imøtekomen. Fylkesrådmannen viser her til eige saksframlegg om søknaden frå Boreal.

Den nye søknaden frå Hop On er altså nesten lik den Osbuss og Strømme har ruteløyve for, som fylkesutvalet i møte 26.03.20 avsla å gje Hop On ruteløyve for, og som fylkesutvalet no skal handsame søknad om frå Boreal. Det er likevel ein skilnad som gjer at denne andre søknaden frå Hop On bør underleggjast ei anna vurdering enn den første søknaden frå Hop On og søknaden frå Boreal som er til handsaming: Traseen i den andre søknaden frå Hop On går ikkje over Bryggen.

Bergen kommune har i brev av 18.06.20 kome med følgjande fråsegn i saka (utdrag):

[...]

Det er oss bekjent i dag allerede to operatører som er gitt løyve til drift av sightseeingbussrute i området det nå søkes om nytt løyve.

Driften av de gitte ruteløyvene har ført til at Bergen kommune har mottatt en rekke konkrete klager. Blant annet opplever Universitetet i Bergen stor konflikt mellom myke trafikanter og turistbusser i området på og ved Muséplass. Beboere på Nordnes rapporterer om opphopning av busser, samt luft- og støyplager, og det mottas hvert år en rekke klager om trengsel og opphoping av turistbusser på Vetrilidsallmenning.

Det er særlig problematisk at det søkes om løyve til å kjøre turistbuss på Vetrilidsallmenning.  
[...]

[...]

I tillegg trafikkerer og stopper sightseeingbussrutene i områder der det er tidvis er stor trafikk fra det ordinære kollektivtilbudet, og andre busser. Bergen kommune opplever at de allerede redusert trafikkavvikling og økt konfliktnivå for myke trafikanter. Bergen kommune frykter at en eventuell tildeling av nye løyver vil kunne gi en ytterligere økning av konfliktnivået.

Bergen står foran store omlegginger av trafikksystemet i tiden fremover. Bybane gjennom

sentrum skal etableres, det arbeides med ny trafikkplan for sentrum og det er utarbeidet forslag til ny gå- og sykkelstrategi for Bergen. Planarbeidene ledes av Bergen kommune, men utarbeides i samarbeid med veieierne innenfor Miljøløftet (VLFK og SVV). I strategiene er det lagt opp til en prioritering av de myke trafikantene. Bergen oppfatter at det er bred enighet om at gang- og sykkeløsninger skal prioriteres som et reelt alternativ til bil og kollektivtrafikk. Bergen kommune vurderer at hensynet til de myke trafikantene ikke blir ivaretatt godt nok slik kjøreruten er lagt opp.

[...]

Bergen kommune vurderer at dagens konsept og kjøremønster for sightseeingbussene må gjennomgå i lys av de omleggingene av trafikksystemet vi står overfor. Å innvilge nye ruteløyver vil stride mot felles målsetting om endring i mobilitet, reduksjon i trafikk og vil gjøre byrommene mindre attraktive. Bergen kommune anmoder derfor Vestland fylkeskommune om ikke å innvilge ruteløyvet.

[...]

Bergen kommune er såleis like negativ til denne søknaden som til søknaden frå Boreal.

Skilnaden mellom Hop on sin første søknad og denne er at den ikkje direkte inneber ei endring av trafikksituasjonen over Bryggen. Men rutestrekninga grenser til Bryggen både i vest – ved Sandbrogaten – og i aust – ved Torget, noko som kan skape ei meirbelastning frå annan trafikk over Bryggen.

Elles er rutetraséen stort sett lik. Det inneber at ruta – lik Hop On sin første søknad og Boreal sin søknad - vil skape minst den same meirbelastninga på haldeplassar i Bergen sentrum elles, og sentrale kollektivtransportgater, som rutestrekninga i Hop On sin første søknad og Boreal sin søknad.

Rutestrekninga i Hop On sin andre søknad er noko mindre lik Osbuss og Strømme Norge sine rutetraséar og den aktuelle søknaden frå Boreal enn rutestrekninga i Hop On sin første søknad, men etter fylkesrådmannen si vurdering ikkje mindre lik enn at søknaden bør vurderast på same måte som søknaden frå Boreal, som altså også vert lagt fram i dette møtet.

Også denne konklusjonen vert støtta av ei fyldig negativ fråsegn frå Bergen kommune.

Slik fylkesrådmannen vurderer saka, tilseier denne vurderinga same konklusjon som i den første saka om søknad frå Hop On om ruteløyve (som nemnd over), og i saka om søknad om ruteløyve frå Boreal. Det inneber at fylkesrådmannen frårår at søknaden vert imøtekomen.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at søknad av 04.03.20 frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum, ikkje vert imøtekomen.